



Jobbnorge-ID: 141807

Søknadsfrist: Closed

Nettside:

Omfang:

Varighet:

## Kommunikasjonsrådgiver - vikariat

SIU har ledig eit vikariat i 100 % stilling som rådgivar knytt til Kommunikasjonsavdelinga som følgje av avvikling av foreldrepermisjon. Tilsetjing snarast mogeleg. Vikariatet varer fram til 31.august 2018 og kan bli forlenga.

Vi søker ein skrivefær medarbeidar som skal produsere innhald i ulike kanalar, samt gjere andre kommunikasjonsoppgåver på avdelinga. Vi ønskjer ein sjølvstendig person som er systematisk og har gode samarbeidsevner. Den tilsette må kunne representere SIU i ulike fora.

Kommunikasjonsavdelinga ved SIU har åtte faste medarbeidarar og er leia av ein avdelingsdirektør. Avdelinga er ei av fem avdelingar i SIU, og har ansvar for intern og ekstern kommunikasjon. Ansvarsområda omfattar formidling av innhald i ulike kanalar, marknadsføring og arbeid med nettsidar. Kommunikasjonsoppgåvene er knytt til programma SIU forvaltar på vegne av ulike oppdragsgjevarar, samt formidling av kunnskap og kompetanse frå SIU sitt arbeid. (SIU har også mandat for å profilere Noreg som samarbeids- og studieland mot utlandet)

Regjeringa vil samle tilskotsordningar og program som skal bidra til å heve kvaliteten i høgare utdanning og fagskolar. SIU blir difor slått saman med Norgesuniversitetet (NUV) og Program for kunstnerisk utviklingsarbeid (PKU) 1. januar 2018. Det nye organet vil også få ansvar for lærebokutvalet og tilskotsordninga Senter for framifrå utdanning (SFU) som i dag ligg i UHR og NOKUT. Det nye organet vil fortsatt ha ansvar for internasjonalisering for heile utdanningsløpet, og vil bli sentralt i arbeidet med å etablere ein ny nasjonal arena for kvalitet i høgare utdanning.

### Arbeidsoppgåver

- Innhaldsproduksjon til interne og eksterne kommunikasjonskanalar
- Marknadsføringsoppgåver
- Bidra til årsplanar og rapportering
- Vidareutvikle og evaluere kommunikasjonstiltak på avdelinga
- Delta i anna kommunikasjonsfagleg arbeid på SIU

### Krav til søkjar

- Utdanning på masternivå og/eller tilsvarende realkompetanse
- Minimum 3 års røynsle frå kommunikasjonsarbeid
- Særs gode norsk- og engelskkunnskapar, både skriftleg og munnleg
- Kunnskap om og røynsle frå arbeid med produksjon av journalistiske tekstar og nettpublisering
- God IKT-kompetanse

### Ønska kvalifikasjonar

- Røynsle frå arbeid med sosiale media
- Røynsle frå videoproduksjon
- Røynsle frå prosjektarbeid
- Kunnskap om offentleg forvaltning
- Kjennskap til utdanningsfeltet i Noreg og i utlandet

### SIU kan tilby

- Varierte, interessante og faglege utfordringar
- Eit uformelt miljø
- Høve til opplæring og fagleg utvikling
- Fleksibel arbeidstidsordning
- Gode pensjonsordningar i Statens pensjonskasse
- Høve til trening i arbeidstida

Vi legg vekt på at kandidatane er godt eigna og motivert for stillinga og arbeidet. Stillinga som rådgivar inneber ansvar for eige arbeidsopplegg, så vel som samarbeid med andre. Innhaldet i stillinga kan bli endra som følgje av omstillingar. Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga. SIU er IA-verksemd.

Løn som rådgivar (kode 1434) innan lønsspenn kr 480 000-kr 558 500, etter kvalifikasjonar. Trekk til pensjonstilskot i Statens pensjonskasse er på 2 %.

Arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i samfunnet og utnytte potensialet i befolkninga si samla kompetanse. Vi oppmodar difor kvalifiserte kandidatar med ulik utdanning, arbeids- og livserfaring til å søkje jobb hos oss.

Dersom søkjar vil reservere seg frå oppføring på offentlig søkerliste, må dette grunngjevast. Opplysningar om søkjar kan gjerast offentlig sjølv om søkjar har bede om konfidensiell behandling. Søkjaren vert varsla dersom ønske om reservasjon ikkje vert tatt til følge, jf. Offentleglova § 25.

Spørsmål om stillinga kan rettast til avdelingsdirektør Kristin Solheim, tlf. 932 28 573. Vidare kan ein også vende seg til personalsjef Tone Stiansen, tlf. 934 67 877 for generelle spørsmål om stillinga.

**Søknad og komplett CV med oversyn over utdanning og tidlegare praksis, vedlagt skanna vitnemål og attestar skal leggest inn via link på denne sida (Jobbnorge)**

## **Tilleggsinformasjon**

**Arbeidssted:**